



DEN NORSKE  
VETERINÆRFORENING

## Den kommunale veterinærvakta

Arbeidet med organisering av veterinærtenester i kommunane har synt at det er trong for klargjering av kva oppgåver og ansvar dei ulike partane har.

Me finn det naturleg å dela dette i to, fyrst kommunane og så vakt deltakarane / veterinærane sitt ansvar.

### Til kommunane

Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven) klargjer i §3 a kommunane sitt ansvar:

- *Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell.*
- *Kommunene har ansvar for å organisere en klinisk veterinærvakt utenom ordinær arbeidstid.*

I deler av landet er næringsgrunnlaget slik at tilgang på dyrehelsepersonell vert dekkja av veterinære verksemdar som arbeidar sjølvstendig utan offentleg tilskot. I stadig større deler av landet er landbruket inne i ei negativ utvikling. Dette gjer at næringsgrunnlaget for veterinærtenester vert svakare, då er det kommunane sitt ansvar kjem inn. Tilgang på veterinærtenester i kommunen kan sikrast ved å tilsetja veterinær eller gjeva driftstilskot til veterinære verksemdar. Kommunen kan setja som vilkår for løn/ driftstilskot at mottakar er viljug til å delta i klinisk veterinærvakt.

Det er frå staten avsett midlar til stimuleringstilskot. Desse kan kommunar som må tilby etableringsstøtte eller driftstilskot for å sikra tilgang på veterinærtenester i ordinær arbeidstid, søkja om. Midlane skal hovudsakleg nyttast til løn eller driftstilskot. Søknad skal sendast Fylkesmannen.

Punkt 2 omhandlar veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

Denne vakta skal organiserast av kommunane innanfor definerte vaktområde. Det er frå staten avsett midlar som i utgangspunktet skal bidra til å dekkja kostnaden med denne vakta. Det er i enkelte høve høgare kostnader for å oppretthalde god veterinærvakt.

Kommunane skal lysa ut tilbods konkurranse om deltaking i vakta. Det skal vera open konkurranse der alle veterinærer kan delta. Vakta skal dekkja eit definert geografisk område innanfor tidsperiodar som er definert i utlysingsteksten. Ei minimumsgodtgjersle for vakt deltaking er fastsett frå staten. Dersom ein ikkje får søkjarar til vakta, har kommunane høve til å nytta egne midlar for å auka satsar for vaktgodtgjersle. Vakta bør vera minimum 3-delt, helst 4-delt. Kommunane vel kor mange vakt deltakarar dei ynskjer å inngå avtale med.

Kommunane har ansvar for å skaffa nye vakt deltakarar ved til dømes langtids sjukefråvær eller om vakt deltakarar seier opp vaktavtale.

Kvart vaktområde får utbetalt ein sum til organisering av vakta, desse midlane kan nyttast til dekking av kommunen sine kostnader med oppsett av vaktlister, føring av vaktrekning, utbetaling av godtgjersle, organisering av vikar ved kortvarig sjukdom mm. Kommunane kan og nytta desse midlane til å kjøpa desse tenestene frå ein eller fleire av vakt deltakarane.

## Til vakt deltakarane

Veterinær/vaktdeltakar sine plikter og oppgåver.

Arbeid innanfor ordinær arbeidstid kan verta utført av praktiserande veterinær/veterinærverksemd med eller utan løn eller driftstilskot frå kommune. Alle privatpraktiserande definerar sjølv si eiga arbeidstid, det er inga vaktplikt. Sjølv sagt er det høve til å tilby veterinærtjenester utanom ordinær arbeidstid dersom ein finn det økonomisk eller fagleg interessant.

Når kommunane lyser ut tilbod om veterinærvakt, må den som ynskjer delta levera inn tilbod. Ingen har rett til å verta teken med i vakta i avtaleperioden. Kommunane avgjer kor mange veterinærar dei ynskjer inngå avtale med.

Når ein leverar tilbod, er det viktig å definera kor stor vaktbelastning ein er viljug til å ta på seg, til dømes maksimum 3-delt eller 4-delt vakt.

Som vakt deltakar er ein ansvarleg for alle dyreslag, ein kan ikkje velja bort til dømes smådyr eller hest. Dersom det i området er organisert spesialvakter for til dømes smådyr eller hest, kan ein nytta desse.

Det er i utgangspunktet ikkje krav om at vakt deltakar skal ha tilgong til spesialutstyr som til dømes røntgen eller smådyrklinnikk, men kommunen står fritt til å krevje særskilt utstyr.

Kunstig sædooverføring er som hovudregel ikkje ein del av dei pliktene ein tek på seg som vakt deltakar. Det er likevel i mange vaktområde ynskjeleg at den som har vakta og kan ta på seg inseminering. Dette må ikkje vera til hinder for dei pliktene ein har som vakt deltakar.

Det vil ofte vera positivt for vakt deltakarane om ein sjølv kan setja opp vaktlister og organisera vaktbyte og ansvar for vakter ved feriar og korte sjukefråvær. Dette kan ein tilby kommunane å ta på seg mot godtgjersle.

Kommunane eig vakta, dvs at dei kan setja opp vaktlister og fordela vakter i samsvar med dei avtalar den enkelte vakt deltakar har inngått. Kommunane har ansvar for å skaffa nye vakt deltakarar til dømes ved langtids sjukefråvær.

Oslo i september 2016

Den norske veterinærforening